



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimelessig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Tospråkleg barne- og ungdomsarbeidar/pedagogisk medarbeidar- inntil 40% vikariat

Stillingsinformasjon

Vestbygd skule har ledig ein inntil 40 % prosjektstilling som tospråkleg pedagogisk medarbeidar/barne - og ungdomsarbeidar for perioden 01.08.2019 - 31.12.2019, i hovudsak på småsteget.

Stillinga vil innebæra arbeid både i skuletid og i SFO tid.

Stillinga omfattar språket: Arabisk.

Arbeidsplass

Vestbygd skule har 200 elevar på 1.-7.trinn. Skulen ligg fint til i Holmemarka 5 km frå Frekhaug.

Skulen har eit triveleg og utviklande læringsfellesskap både for små og store.

Arbeidsoppgåver

I denne stillinga skal ein arbeide med å støtte oppom enkelt elev sin utvikling i norsk. Dette mellom anna ved arbeid med oversetjing av språk i skulevardagen.

Kvalifikasjonskrav

Fagbrev som barne - og ungdomsarbeidar, eller erfaring frå arbeid med born.

Norsk nivå står B1

Utdanning frå utlandet må vere godkjent av NOKUT.

Godkjent oppholdstillatelse

Godkjend arbeidstillatelse

Tuberkulinattest, jfr Lovdata(<http://lovdata.no>, søk etter: Forskrift om tuberkulosekontroll).

Personlege eigenskapar vil bli vektlagt. Gode kommunikasjon - og samarbeidseigenskapar. Vera tydelege og bestemte vaksne. Kunna arbeide sjølvstendig, og organisera aktivitetar. Vera glad i å vera ute. Ha evne til å takla stress og daglege utfordringar. Delta i personalmiljøet. Ha overskot til å delta i barnas leik og aktivitetar.

Meland kommune har nynorsk som målform.

Vi tilbyr

Utfordrande oppgåver i eit breitt og engasjert fagmiljø.

Løn etter gjeldande tariff/avtale.

God pensjonsordning.

IA-bedrift

Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetjing og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknadsfrist 26.05.2019

Utlyst dato 08.05.2019

Vårref

154/19

Kontaktperson

Monica Vabø Reigstad, Rektor, tlf: 56174282, monica.reigstad@meland.kommune.no